

Bru over opprørt hav

Eg har sett filmen *The Bridge*. Bilete av menneske som hoppar frå bru for å gjera ende på eigne liv, har festa seg i minnet. Men det er i det same som at *The Bridge* er ein veldig god film.

TEKST:

Arne Olav L. Hageberg

PUBLISERT 1. juni 2007

PSY
KOL
OGI



MYTOLOGISERT: The Golden Gate Bridge i California er den staden i verda der flest menneske vel å ta sitt eige liv kvart år.

Foto: Peter McCandless

Filmen er kontroversiell fordi den bryt med noko som har vore god medieetikk i lange tider: Den viser folk som tek sitt eige liv, og den viser *korleis* dei gjer det. Samstundes møter den eit behov, for det finst ei rørsle i samtida som går mot større openheit kring sjølmord. Det store spørsmålet blir sjølv sagt: Dersom ein skal skriva, rapportera og visa meir i media om sjølv mord, *korleis* skal ein då gjera det? Bør sjølv mord estetiserast? Bør det visast fram i heile si tragiske gru? Bør ein forsøka å forklara det? Bør ein godta det? Korleis har filmskaparane bak *The Bridge* løyst utfordringane?

Eit plask

Regissøren Eric Steel skriv ein stad om korleis sanninga han vil peika på – at folk si liding stort sett går føre seg utan at omverda tek notis – er reflektert i renessansekunstnaren Pieter Bruegel (1525–1569) sitt målarstykke «Landskap med

Ikaros som fell». Den amerikanske diktaren W.H. Auden (1907–1973) kommenterer dette biletet slik i diktet «Musée des Beaux Arts» (1938):

Dei tala aldri usannt om smerta,
dei gamle meistrane:
Kor godt forstod dei ikkje
den menneskelege posisjonen;
korleis den går føre seg
medan andre et eller opnar eit vindauge
eller går bare sløvt av garde

(Mi omsetting)

I gresk mytologi var Ikaros den tragiske helten som saman med faren Daidalos blei halden fanga av kong Minos på Kreta. Då dei to rømde gjennom å laga seg venger haldne saman av voks, åtvare Daidalos sonen om at voksen ville smelta dersom han fauk for nær sola. Ikaros høyrde ikkje på åtvaringa, voksen smelta, og han fall i Egearhavet og drukna. Men i Bruegel sitt målarstykke er Ikaros si rolle langt frå sentral og tragisk. Han er avbilda i eit stille hjørne av lerretet, i form av eit par bein som forsvinn med eit lite plask i vatnet.

Allereie her ser vi korleis sjølv-mord synest å invitera til estetisering. Balanse mellom å nytta kunsten til å streka under eit poeng, og å nytta poenget til å få lov å dra fram kunsten, er hårfin. *The Bridge* tippar ofte over på feil side, fordi den gjev inntrykk av å mangla refleksjon kring si eiga framstilling.

Den gylte porten

Dokumentarfilmen er ei utforsking av mytologien kring fagre *the Golden Gate Bridge*. Brua blir ofte kalla eitt av dei sju underverka i den moderne verda. Den spelar ei rolle i Alfred Hitchcock-klassikaren *Vertigo* (1958), TV-serien *The Streets of San Francisco*, og eit utal andre filmar. Vi ber den med oss alle.

«Like a bridge over troubled water», song Simon & Garfunkel i 1970. Om dei var inspirerte av The Golden Gate Bridge i California då dei skreiv teksten, veit eg ikkje. Dei må ha sett brua, og den må ha gjort inntrykk. Alle som har sett Art Deco-monumentet på vestkysten av USA, fortel at den gjer inntrykk. Den er vakker. Den er monumental. Den er oransje. Den er menneskeskapt. Og 80 meter under den gjev vatnet frå verdas største hav umåtelege mengder energi til dei sugande havstraumane i San Fransisco-bukta. Det er i desse straumane fleire menneske vel å enda livet sitt enn nokon annan stad i verda. I overkant av 20 personar klyv kvart år over det brysthøge rekkverket og tek sitt siste steg – i tome lufta.

When darkness comes
And pain is all around

Golden Gate Bridge er ei bru over opprørt hav. Og den har eit namn som leier tankane til perleportar og transcendens, til overskriding og lovnader om lukke. Steel og mannskapet hans sette opp to kamera og retta dei mot brua gjennom heile 2004. Dei fekk fanga 24 sjølv mord på film. Ifølgje Steel avverga dei i tillegg fleire sjølv mord ved å varsle tryggleikspatruljane på brua.



REDUSERT: I «Landskap med Ikaros som fell» (1558) av den flamske renessansemeisteren Pieter Bruegel, blir den tragiske helten Ikaros redusert til eit par bein og eit plask i høgre biletkant. Målarstykket heng i Musees Royaux des Beaux-Arts de Belgique i Brussel.

Det siste tabu

Ordet tabu stammar frå maoriane i Polynesia og tyder noko som ikkje skal rørast. Ting eller stader som er tabu, må få vera i fred, ein skal ikkje nærma seg det eller handla overfor det. I nokre høve skal ein ikkje ein gong snakka om dei. Tabu kan vera både heilagt og ureint. Kulturoptimisten vil seia at samfunnet vårt har utvikla seg til å bli meir ope og mindre styrt av tabu. Kulturpessimisten vil påstå at vi har fått nye tabu i byte mot dei gamle. Hå oss er det som er tabu, ofte noko negativt. Det er meiningar og handlingar som går på tvers av det den kompakte majoriteten ser som sant.

I gamle dagar blei dei som tok sitt eige liv, gravlagde utanfor kyrkjegarden. Tanken var at dei som hadde synda mot Gud gjennom å setta seg over hans suverene makt til å ta liv og skapa liv, måtte ligga i uvigsla jord. Det er lite vakkert ved ein slik praksis. Den var fordømmende og stigmatiserande, og den innebar ei ekstrem skam for dei attlevande. Men ligg det ikkje òg ein kime av ei rettviss konsekvenstenking i ei slik utestenging? For kven er det eigentleg som stenger ute kven? Er ikkje det å ta sitt eige liv det same som, ein gong for alle, å stenga ute alle andre, både dei som elsker ein (for det er alltid nokon som elsker) og potensielle hjelparar i helsevesen og andre stader? Og er ikkje det å

stenge dei som har døydd for eiga hand, ute frå fellesskapen på kyrkjegarden, òg ein måte å respektera deira eige val om å vera utanfor?

Sjølvmord i media

Den gamle kyrkjegardspraksisen kan kasta lys over vår tids dilemma kring omtale av sjølvmord i media. For kva plass skal sjølvmordet som fenomen ha i det offentlege rommet? Tidlegare tiders pårørande kjende seg stigmatiserte, og også i dag opplever mange det problematisk at deira kjære blir teia om og stengde ute.

Men det er som sagt ei oppmjuking på gang. Avsnittet om sjølvmord i pressa sin sjølvpålagde etiske norm, Vær Varsomplakaten, blei endra 1. januar 2006. Tidlegare heitte det at «Selvmord eller selvmordsforsøk skal som hovedregel ikke omtales». No er ordlyden mindre absolutt: «Vær varsom ved omtale av selvmord og selvmordsforsøk. Unngå omtale som ikke er nødvendig for å oppfylle allmenne informasjonsbehov. Unngå beskrivelse av metode eller andre forhold som kan bidra til å utløse flere selvmordshandlinger.» Mykje av bakgrunnen for endringa er at pårørande dei siste åra har bede om at det ikkje må teiast om sjølvmord.

Døra er opna for å skriva om sjølvmord på ein ny måte. Men det finst ikkje noka trapp utanfor den opne døra, som kan leia journalister og redaktørar trygt ned i landskapet sjølvmord, som forskaren Hege Lamark formulerte seg på Norsk Journalistlag sitt årsmøte i april. Ho har vore med og analysert dekninga av sjølvmord i norske medium i over eitt år. Resultata viser at slike hendingar framleis er lite, og ofte journalistisk dårleg, behandla. Samstundes er det eit uttala ønske frå mange hald at media skal rapportera meir om sjølvmord. Dette har fått nokre røyster til i det siste å tala for at Vær Varsom-plakaten bør opnast opp endå meir.

At *The Bridge* blir sett opp på norske kinoar, kan sjåast som eit steg i denne utviklinga. Filmen har møtt hard motbør i heimlandet USA. Mange er skeptiske til på kino å visa folk som hoppar i havet for å døy. Kronargumentet er sjølvsagt smitteeffekten. Ein er redd for at fleire skal gjera det same.

Kikking

Eric Steel har mellom anna blitt kritisert for å ta ein kikkarposisjon i høve til sjølvmord, og noko av det som slår meg ved filmen, er at mange av augnevitna som blir intervjuva faktisk ser glade ut over ha fått oppleve å sjå dei som hoppa. Eller kan henda er dei bare glade over å bli intervjuva, over å få sine 15 minuttar i rampelyset. Augo deira skin på lerretet når dei snakkar om det dei har vore vitne til. Det smittar over på dei. Dei blir interessante menneske gjennom å fortelja om det dei har sett. Dei er kikkarar som frydar seg over å ha kikka, og vi kikkar med dei.

Vi kikkar i det store og heile mykje for tida. Om vi kikkar meir enn dei som gjekk føre oss, er vanskeleg å avgjera. Historia er hardt redigert. Det var nok lettare for fortidas sjeler å skjula spor av kikkaraktiviteten sin, dei som levde før elektroniske informasjonskapslar, automatiske sporingsprogram, gjenoppretting av harddiskar og

eit verdsomspennande nett av digital hugs. Anonymiserte gallupundersøkingar drivne fram av psykologisk, sosiologisk eller marknadsstyrt kunnskapshunger var dei heller ikkje plaga med. Om dei ville, kunne dei halda sanninga om seg sjølv for seg sjølv. Og dei ville. Av fleire grunnar. Den felles moralen var sjølvsgatt ei tung trøye. Eins samfunsnormer gjorde det tøft å stå fram med eit divergerande handlingsmønster. Ein sto i fare for å bli utstøytt. Ikkje før renessansen og opplysingstida hadde gjort sitt inntog, blei det mogleg for ein økonomisk uavhengig og humanistisk frigjort Rabelais, Montaigne eller Marquis de Sade å skriva seg til eit ettermæle som eineståande utskot.



REDDA: I filmen fortel den tilfeldig forbigasserande fotografen Rich Waters korleis han, etter å ha teke ein serie bilete av den unge kvinna som gjorde seg klar til å hoppa, brått vakna og kom fram frå kikkarposisjonen bak kameraet. Han greip inn, og jenta blei redda.

Gladiator kampane i Colosseum, freskane med menyen over tenestene i dei pompeiske gledeshusa, kong David si kikking på Batseba, den boblande lidenskapen i ein roman som *Stormfulle høyer*, skriven av den unge viktoriaanske prestedottera Emily Brontë ... mykje peikar mot at folk alltid har vore folk, men at folk flest har hatt vet (eller skam) til å sletta spora dei ikkje ville skulle leva lenger enn dei sjølve.

I dag er vi vande med at alt er lett tilgjengeleg for den som vil sjå. Det er rett nok ei formidla røynd vi kikkar på. Gjennom Internett, fjernsyn, mobilar, bøker, kino, aviser, dvd og radio er alt tilgjengeleg. Alt. Vil du sjå ei avretting med elektrisk stol? Ikkje? Er du meir oppteken av menn som har sex med grisar? Ikkje? Ungdomar som er låst inne i eit hus i 120 dagar og gjer ingenting? Vil du helst sjå eit sjølv-mord, seier du? Greitt. Den går på kino no, og dvd-en kjem 12. juni. Rett nok på engelsk, men sjølv-mord kommuniserer godt på tvers av språkområda, og har du passande utstyr og moral, kan den sikkert lastast gratis ned frå ei fildelings-side.

Sentimentalt

Å sjå bilete av menneske som tek sitt eige liv, er sterkt uansett. Eg vil påstå at det ikkje let seg gjera å laga ein meiningstom film med eit slik biletmateriale til disposisjon. Men likevel blei eg underleg lite gripen av denne filmen. Ei forklaring ligg nok i den sentimentale musikken. Melankolske harpetonar og langsame klangteppe kombinerte med mørke skremsleelement. Det blir for manipulerande. Filmene nyttar i det heile eit for sentimentalt og fortolkande filmspråk. Det som skal vera ein granskande dokumentar, smakar for mykje av Hollywood. *The Bridge* er Steel sin første uavhengige film. Bak seg har han eit langt arbeidsliv hjå vår tids store myteleverandør, Disney-konsernet. Så heilt uavhengig er han nok ikkje likevel.

Å sjå filmen *The Bridge* er som å vassa i eit hav av etterpåklokskap. Dei etterletne forklarar og bortforklarar, rettferdiggjer seg sjølve og uansvarleggjer dei som hoppar, rasjonaliserer og bearbeider sitt eige dårlege samvit for ope kamera. Det er forståeleg. Det er svært utleverande. Det er litt pinleg.

Filmene har også i seg ein kritikk av eit psykisk helsevern som ikkje maktar å hjelpa dei som slit mentalt, til eit verdig liv. Den kjem eksplisitt fram gjennom nokre av intervjuane, og implisitt gjennom det at svært mange av dei som hoppar, har vore i kontakt med helsevesenet på grunn av depresjon, rusmiddelmissbruk eller andre problem.

Vi får sjå intervju med ein hoppar som overlevde. Han angra allereie då han var i svevet. I vatnet kom det ein sel og heldt den skamslegne kroppen hans flytande. Den overlevande er full av livskraft. Han er overtydd om at selen var Gud.

Dårlege meldingar

Det er noko veldig traurig med sjølv-mord. Noko som gjer at ein kjenner seg grå og slapp innvendig, som gjer at filmmeldarane jamt over skriv uengasjert og med låg grad av refleksjon om filmen *The Bridge*. Kan handa er det ikkje så rart. Sjølv-mord er ikkje engasjerande, for det er jo for seint likevel. Det er ikkje tragisk i klassisk forstand, som forteljinga om Ikaros kan vera, for det ligg ikkje noko motiverande eller lærerikt førebilete i hovudpersonen si handling. Sjølv-mord er trist.

Når ein ser det slik, er det jo godt gjort av Eric Steel å laga ein film som ikkje er rein tristesse, men det kjem mykje av at han kan spela på brubileta, både i konkret og i overført tyding. Han kan visa vakre filmsnuttar av brua, innhylla i kald skodde, eller

bada i varm kveldssol. Og han kan – mindre eksplisitt, men minst like kraftfullt – spela på dei symbolske bileta av brua som ein overgang, som eit limbo, ein ikkje-stad, ein veg til den andre sida, brua som «the Golden Gate», porten av gull. Han seier han har sett seg føre å avdekka mytologien bak brua. I staden er han med å bygga den opp.

I pressemateriellet som er utarbeidd for filmen, fortel filmskaparen i tidsriktige vendingar om korleis det har vore eit poeng for han å ikkje moralisera. Men kan henda er det av og til gale å ikkje moralisera. Eg trur ikkje på nøytralitet. Når det gjeld spørsmål om liv og død, blir den nøytrale posisjonen ofte den livsfornektande posisjonen.

Flukt

Som dei flinke forteljarane dei er, har filmskaparane sørgd for ei dramatisk utvikling i filmen. Dette er gjort gjennom at ei av sjølvordshistoriene vi blir presenterte for, blir strekt ut i tid. Mellom dei andre sjølvordshistoriene får vi sjå filmklypp av ein svartkledd ung mann med solbriller og sterk stillehavsvind i det lange svarte håret. Han vandra fram og tilbake på brua i over 90 minuttar, og kamerafolka fekk mange gode klypp i ettermiddagssola. Undervegs fortel vener korleis han heile livet hadde spøkt med at han skulle ta sitt eige liv. «Eg vil heller ta livet mitt,» sa han kanskje når dei spurte om han blei med ut.

Ein annan fortel om raseriet han kjenner mot venen som tok sitt eige liv. Den etterletne ønskte å vera ei bru.

Like a bridge over troubled water
I will lay me down.

Han tilbaud seg å vera ei bru. Han ville leggja seg ned og hjelpe venen over partia med mørker og smerte. Men han fekk ikkje lov. Han hadde elska og var blitt svikta, og han var sint.

Hadde bare venen kryssa heile brua. Eller hadde han bare fått hjelp til å sjå andre bruer. Tanta til denne gjennomgangsfiguren, eg trur han heitte Gene, seier, etter at vi har sett han treffa vassflata og bli trekt under av havstraumane: «Maybe there's a relief from pain in pain.» Kanskje kan smerte gjera fri frå smerte. Kanskje han bare ville fly ein gong.

Til sist lèt filmmakarane den unge artisten Howie Day sleppa til under rulleteksten med kommersiell countrypop som akkompagnement til desse orda:

At the end of a day
I'm gonna say what I mean
It's slipping all away, away
At the end of our days
We'll escape
We'll escape

Når dagane våre er talde, skal vi flykta frå det heile. Det er sentimentalt. Det er manipulerande. Det er klissete, og bare ein liten, liten tanke dødsforherligande. Takke meg til Simon and Garfunkel.

When you're weary, feeling small
When tears are in your eye
I will dry them all;
I'm on your side. When times get rough
And friends just can't be found
Like a bridge over troubled water
I will lay me down.
Like a bridge over troubled water
I will lay me down.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 44, nummer 6, 2007, side 776-779

TEKST:

Arne Olav L. Hageberg, Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet